

## STYRESAK

**GÅR TIL:** Styremedlemmer  
**FØRETAK:** Helse Vest RHF

**DATO:** 24.08.2015  
**SAKSHANDSAMAR:** Ingvill Skogseth  
**SAKA GJELD:** **Tiltak for å avvikle korridor plassar i helseføretaka**

**ARKIVSAK:** 2011/152  
**STYRESAK:** **095/15**

**STYREMØTE:** **21.09.2015**

---

### FORSLAG TIL VEDTAK

1. Saka blir tatt til orientering
2. Styret tar ikkje stilling til eventuelle sanksjonar for fortsatt bruk av korridor plassar
3. Saka vil bli oppdatert i desembermøtet 2015.

## Oppsummering

Helse Vest har fortsatt ein omfattande bruk av korridorpasser trass i eit klart styringsbodskap og mål om at det ikkje skal vere korridorpatientar (nulltoleranse).

Prosjektarbeidet som blei gjennomført i 2014 og rapporten «Tiltak for å avvikle korridorpassar» peika på ei rekke tiltak for å avvikle bruk av korridorpassar ved sjukehusa i Helse Vest.

Oppfølgingsarbeidet var to-delt:

1. lik registreringspraksis i helseregionen
2. iverksetjing av tiltak som skal avvikle bruken av korridorsenger

Helse Vest RHF understreka i saka at oppfølging av punkta vil vere eit leiaransvar i kvart helseføretak.

I 2014 og 2015 har Helse Vest RHF i samarbeid med føretaka utvikla elektronisk rapportering av korridorpatientar og utvikla webløysinga «ledige senger».

Registreringa viser at målsettinga «*at det ikkje skal vere korridorpatientar*» så langt ikkje er nådd for alle helseføretaka. Det har likevel vore ei positiv utvikling over tid. Det er stor variasjon mellom helseføretaka i gjennomsnitt bruk av korridorsenger i 2015.

Helse Vest RHF har ikkje vurdert ytterlegare tiltak enn dei som ligg til grunn for arbeidet i helseføretaka.

Helse Vest RHF følger utviklinga nøye og vil komme tilbake med ny oppdatering i desembermøtet 2015.

## Fakta

Styret i Helse Vest RHF behandla i møte den 18. juni 2014 sak 071/14, *Tiltak for å avvikle korridorpassar*.

Styret gjorde følgjande vedtak (samrøystes):

1. *Helse Vest ønskjer med dette arbeidet å avvikle bruken av korridorsenger.*
2. *Oppfølging av punkta vil vere eit leiaransvar i kvart helseføretak.*

Styret ba om jamleg tilbakemelding på kvart styremøte.

Korridorpatientar er også ein kvalitetsindikator for kvalitetsbasert finansiering som blei innført frå 1. januar 2014.

I denne saka blir det gjort greie for status og prognose for å avvikle all bruk av korridorpassar.

## Kommentarar

### Tiltak for lik registrering

Rapporten «Prosjekt – tiltak for å avvikle korridor plassar» anbefalte fire tiltak for lik registrering:

1. Kwart HF skal sikre sanntidsregistrering i DIPS
2. Elektronisk rapportering av korridor pasientar skal nyttast, manuelle teljerutinar må avviklast
3. Innføring av ein forenkla og felles praksis for namngjeving og bruk av senger – ein skal ha like namnstandarar og felles definisjonar og omgrep i Helse Vest
4. Helseføretaka bør innføre verktøyet/webløysinga «ledige senger» som vert brukt i Helse Bergen.

I det vidare arbeidet skulle Helse Vest ta initiativ til eit implementeringsprosjekt som skal sørge for oppfølging av punkta 1-4. Mellom anna skulle Helse Vest her bistå i arbeidet med å få implementert eventuelle endringar i DIPS.

I 2014 og 2015 har Helse Vest RHF i samarbeid med føretaka utvikla elektronisk rapportering av korridor pasientar (tiltak 2) og utvikla webløysinga «ledige senger» (tiltak 4).

Korridor pasientar blir i rapporteringa no henta frå Datavarehuset, via ein analysekube som leverer tal på korridor pasientar tilsvarande DIPS rapport 5952.

Rapporten «Ledige senger» er utarbeidd og ligg frå april 2015 tilgjengeleg via intranetta i alle HFa. Akuttmottaka og pasientkoordinatorar er blant målgruppene for desse rapportane, for å forenkla arbeidet med å finne postar med ledig seng.

Rapporten «Prosjekt – tiltak for å avvikle korridor plassar» anbefalte vidare fleire tiltak for å avvikle bruk av korridorsenger.


Anbefalte tiltak for å avvikle bruk av korridorsenger:

5. Helse Vest RHF innfører nulltoleranse for korridor pasientar
6. Helseføretaka må sørge for ei haldningsendring i forhold til tidligare praksis og aksept.
7. Helseføretaka må sørge for eit overordna leiaransvar for korridor problemet.
8. Bruk av standardiserte, kunnskapsbaserte pasientforløp for å optimalisera utgreiing og behandlingsforløp, vil kunne gje ein reduksjon i liggetid og dermed også bidra til å avvikle korridor pasientar.
9. Betre samhandling med primærhelsetenesta med god kommunikasjon og kompetansedeling.
10. Endra omsorgsnivå om mulig, frå døgn til dag, bruk av hotell m.m.
11. Om nødvendig vurderer ei omfordeling av senger internt i sjukehusa.
12. Kwart helseføretak må sørge for enkel tilgjengelig og oppdatert oversikt over ledige senger i sjukehuset og at denne vert nytta aktivt.

## Utvikling i bruken av korridorsenger

Etter 1. januar 2015 skulle bruken av korridorsenger vera avvikla ved alle sjukehusa i Helse Vest. Det blei med andre ord innført *nulltoleranse* for korridorsenger.

Biletet under viser utviklinga i talet på korridorsenger per dag innan somatikk for dei fire HF-a.



Registreringa viser at målsettinga «at det ikkje skal vere korridorpatientar» så langt ikkje er nådd for alle helseføretaka. Det har likevel vore ei positiv utvikling over tid. Det er stor variasjon mellom helseføretaka i gjennomsnitt bruk av korridorsenger i 2015.

**Helse Førde** har i praksis ikkje korridorpatientar.

**Helse Fonna** har hittil i år hatt eit snitt på 6 senger, med ytterlegare reduksjon dei tre siste månadene.

**Helse Bergen** har hatt eit gjennomsnitt på 11,6 senger.

**Helse Stavanger** har eit gjennomsnitt på 23,1 senger i same periode.

Helse Stavanger har fortsatt størst utfordring på dette området. Det er likevel positivt at det frå mars månad har det vore ein tydeleg nedgang i bruk av korridor plassar. Dette har samanheng med at det er starta opp fleire tiltak for å redusere korridorbelegget i tråd med tiltaksplanen i prosjektet.

Den positive utviklinga for korridorpatientar (også samanlikna med tilsvarende periode 2014) fortset også gjennom sommarmånadene juni og juli. Liggetida har gått ned i perioden samanlikna med 2014.

Det blir fortsatt registrert høge tal for pasientar som er ferdigbehandla og ligg i mottaksavdelinga. Helse Stavanger ventar gode resultat av tiltak som blir sett i verk i august, september og oktober.

## **Konklusjon**

Målsettinga «*at det ikkje skal vere korridorpatientar*» er så langt ikkje er nådd for alle helseføretaka. Det er stor variasjon mellom helseføretaka i gjennomsnitt bruk av korridorsenger i 2015.

Det har likevel vore ei positiv utvikling over tid, og utviklinga frå mars månad markerer ei betydeleg betring.

Helse Vest RHF har ikkje vurdert ytterlegare tiltak enn dei som framgår av Rapporten «Prosjekt – tiltak for å avvikle korridorpassar» og som ligg til grunn for arbeidet i helseføretaka.

Helse Vest RHF følger utviklinga nøye og vil komme tilbake med ny oppdatering i desembermøtet 2015.